

# Velkommen til hyttedag på **Pustut** laurdag **26. mars** frå kl. 12 til kl. 17!



Foto: Alv Reidar Dale ©

Slik såg hytta ut ein vinterdag i 2019. Det er om lag like djup snø der no, og går fint an å gå på ski frå Snippen eller Movatn i Maridalen (ta Gjøvikbana dit, med bytakst).

Hyttestyret inviterer til open hytte på Sunnfjordhytta **laurdag 26. mars**. Kom til varm hytte og kaffi og møt vener og kjende! Ta med eigen mat. Du kan gjerne overnatte også, ta då med sovepose og det du elles treng.

Hytta ligg ikkje langt frå Sinober i Lillomarka. Du kjem dit ved å gå frå Snippen eller Movatn stasjon i Maridalen, gå gjerne på ski, eller frå Sagtomta på Kjøl i Nittedal (bilveg som du må gå), om lag tre kvart time.



Foto: Alv Reidar Dale

- og innandørs er det triveleg og lunt i den "nye" kjøkenkroken som blei laga då hytta vart ombygd for nokre år sidan. I 2020-21 vart hytta pussa opp til 60-årsjubileet.

**Meir opplysningar** finn du på nettsida <https://www.sognogfjordanelaget.no/aktivitetar-2/>